



Arkivnr: 2015/11349-28

Saksbehandlar: Birte Markeseth Aasen

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 22.02.2017 |

Høyringsutkast - temaplan for likeverd i Hordaland fylkeskommune» - vedtak av høyringsforslag

Samandrag

Temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune» skal vere ein generell plan mot mobbing og diskriminering, og den skal omhandle både arbeidsgjevar- og tenesteytarperspektivet.

Planen er bestilt av fylkestinget i vedtak i sak 82/2014.

Arbeidet med å utarbeide planen har vore administrativt leia, og gjennomført med representantar fra aktuelle avdelingar i fylkeskommunen.

Det blir i planen foreslått fire hovudmål, med underliggende strategiar, som omfattar hovudutfordringar i planen. Dei fire hovudmåla er:

- Hordaland fylkeskommune skal ha eit likeverdsperspektiv i all tenesteyting
- Hordaland fylkeskommune skal legge til rette for fleire gode leveår for alle
- Hordaland fylkeskommune skal ha nulltoleranse for mobbing
- I Hordaland fylkeskommune skal alle bli møtte med respekt, og mangfold blir sett på som ein ressurs.

Temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune» er ein overordna plan som skal gi retning for tilsette og tenesteyting i Hordaland fylkeskommune.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek forslag til temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune».
2. Fylkesutvalet fastset høyringsperioden til 27. februar - 7. april 2017.
3. Tilråding om endeleg temaplan skal handsamast i alle fagutvala før slutthandsaming i fylkestinget i juni 2017.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1 Utkast - temaplan: "Likeverd i Hordaland fylkeskommune"

Fylkesrådmannen, 02.02.2017

1.Bakgrunn

Likeverd er ein føresetnad for at Hordaland skal vere eit godt samfunn for alle. Det betyr at alle hordalendingar skal ha same tilbod og høve til samfunnsmottaking – uansett kjønn, alder, etnisk bakgrunn, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsuttrykk eller kjønnsidentitet.

Fylkeskommunen skal ha eit likeverdsperspektiv i planprosessar, tilsetningsprosessar, tenesteyting, opplæring og i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Bakgrunn for prosjektet er eit vedtak fatta i fylkestinget 09.12.14 i sak 82/2014 «Handlingsplan mot mobbing av homofile, lesbiske, bofile og transpersonar». I samband med at denne planen vart sendt til rullering, bad fylkestinget fylkesrådmannen om å utarbeide ein generell plan mot mobbing og diskriminering.

Fylkesutvalet får no eit høringsforslag til behandling. Fylkesutvalet vil få saka på nytt etter høyringa og gje innstilling til fylkestinget om endeleg plan.

Styringsgruppa er samansett slik:

Fylkesdirektør økonomi og organisasjon, Ingrid Holm Svendsen (leiar)

HR-direktør, Geir Davidsen

Seksjonsleiar skule, Linda Farestveit

Prosjektgruppa er samansett slik:

Birte M. Aasen, prosjektleiar frå juni 2016 (Ruth Brudvik leia arbeidet fram til sommaren 2016)

Frode Mannsåker, HR-leiar, økonomi- og organisasjonsavdelinga

Laila Christin Kleppe, seniorrådgjevar seksjon skule, opplæringsavdelinga

Anne Mette Nesje Porten, spesialrådgjevar folkehelse, regional- og utviklingsavdelinga

Mari-Kristine Morberg, mobbeombod, opplæringsavdelinga

Benedicte S. Meyer, hovudtillitsvald Utdanningsforbundet

Marius Kjørmo, hovudtillitsvald Samfunnsviterne (Sølve Sondbø, hovudtillitsvald Naturviterne fram til 31.12.15)

Jorunn Bakke Johannessen, fylkeshovudverneombod

2.Prosess og medverknad

Arbeidet prosjektet starta hausten 2015.

Prosjektet inviterte til eit innspelsmøte i mai 2016, der målet var å få nyttige innspel frå aktuelle interessentar. På dette tidspunkt var det ikkje avgjort at planen skulle sendast på høyring.

Arbeidet med planen har hatt fleire fasar, og planen har hatt mange formar før den til slutt fekk den utforminga som no er foreslått. På bakgrunn av lange diskusjonar i prosjekt- og styringsgruppe, og med bakgrunn i vedteken verksemddsstrategi, valde ein å lage ein overordna plan som skal gi retning for tilsette og tenesteyting i Hordaland fylkeskommune.

Den planen som no føreligg har merksemd på mål- og strategi. Tiltaka ligg i allereie utarbeidde handlingsplanar, rutinar, reglement m.m. På eventuelle område der den type dokumentasjon manglar, er dette påpeika i planen i kapittelet som omhandlar dokumentasjon.

Planen skal rullerast kvart fjerde år, første gang i 2021. Innan denne fireårsperioden skal all tilhøyrande dokumentasjon reviderast og tilpassast innhaldet i planen. Der konkrete tiltak enno ikkje er utarbeidd, skal dette gjerast i løpet av same fireårsperiode.

3.Mål og strategiar

Temaplanen «Likeverd i Hordaland fylkeskommune» har følgjande mål med tilhøyrande strategiar:

- Mål: Hordaland fylkeskommune skal ha eit likeverdsperspektiv i all tenesteyting
- Mål: Hordaland fylkeskommune skal legge til rette for fleire gode leveår for alle
- Mål: Hordaland fylkeskommune skal ha nulltoleranse for mobbing.
- Mål: I Hordaland fylkeskommune skal alle bli møtte med respekt, og mangfald blir sett på som ein ressurs.

Det er utvikla strategiar for alle fire hovudmåla.

Desse måla og strategiane er, i tillegg til å inngå i planen, utforma som ein plakat. Likeverdsplakaten er meint å vere eit sjølvstendig dokument som gjev retning i alt arbeid i Hordaland fylkeskommune.

Planen tek opp i seg både arbeidsgjevar- og tenesteytarperspektivet, og den har følgjande tre hovudfokusområde:

- Universell utforming
- Likestilling og inkludering
- Mobbing og diskriminering

Planen er m.a. forankra i følgjande:

- Diskrimineringslovverket
- Arbeidsmiljølova
- Opplæringslova
- Regional planstrategi
- Overordna verksamdsstrategi for Hordaland fylkeskommune
- Samfunnsoppdrag og verdiar for Hordaland fylkeskommune
- Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Hordaland fylkeskommune

4.Vidare framdrift, høyring og vedtak

Fylkesutvalet skal no vedta eit høyringsforslag for «Likeverd i Hordaland fylkeskommune».

Høyringsperioden er foreslått til seks veker.

Høyringsforslaget vil, i tillegg til å bli sendt direkte til aktuelle interessentar, også bli lagt ut på Hordaland fylkeskommune sine heimesider. Det vil bli laga ein kort rapport frå høyringa når perioden er over.

Det vil ikkje bli invitert til eksterne informasjonsmøte i høyringsperioden.

5.Fylkesrådmannens tilråding

Fylkesrådmannen meiner forslag til temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune» adresserer utfordringane i tematikken på ein tenleg måte.

Fylkesrådmannen tilrår at høyringsforslaget til temaplan «Likeverd i Hordaland fylkeskommune» blir vedteke. Høyringsperioden blir tilrådd frå 27.februar til 7.april 2017.